

Månadsbrev april 2022

Tusen takk til alle som kom på opninga av nybygg, og til alle elevane som hadde flott underhaldning! Me er stolte av elevane, og synest skulen har blitt veldig fin. Det vart i tillegg mange fine medieoppslag på papir og nett med både bilete og film.



Handelsspillet engasjerte ungdomsskuleelevane, og instruktørane var imponerte over kor ivrige og flinke dei var. 1.- og 2.-klassingane likte godt å ha praksisbesøk av Victoria, og ho fekk prøvd seg både i klassen og på alpindag i Ådneram. Det blei ein flott dag åleine i trekket trass noko vind og stengt fjelltrekk. Gratulerer til Daniel som vann sjakkturneringa, og til 5. og 6. klasse som vann si gruppe i Norli sin lesekonkurranse!

3.-4. klasse hadde ansvar for morgonsamling 14. mars, og nå overtek 1.-2. klasse stafettpinnen 6. april. Det er skuleonsdag, men før den tid, 4. april, får me besøk av tre nye elevar som flyttar til Skreå i sommar. Det blir kjekt, og både våre elevar og dei gler seg allereie! Torsdag 7. planlegg me skidag i Fåråsen, men for 1.-4. klasse blir dagen litt kortare, for dei får besøk av den kulturelle skulesekken i siste time. *Fortellerkoffert*



med kongelig innhold har med gjenstandar frå Vest-Agder-museet "brukt av mennesker som har levd før oss. (...) I Fortellerkoffert tas gjenstander med og uten historie fram. Tingene, og tida de ble laget i og brukt i, får liv og blir relevante for dagens elever. Gjennom gjenstandene i kofferten setter formidleren i gang en prosess hos elevene, der de selv får bidra til å gi mening og fortelling til tingene." [Fortellerkoffert \(ksys.no\)](https://ksys.no) Neste dag er det 4.-6. klasse som skal læra om reinsdyr og menneske; "et aktivitetsbasert undervisningsopplegg, som gjennom rollespill og oppgaver forteller den lokale historien til heiene, reinsdyra og mennesket. (...) Elevene deles i grupper som får forskjellige oppgaver; det skal hentes vann, kløyves ved, reinsdyret skal felles med pil og bue (eller fanges med lasso), det skal sankes inn urter, bålet skal fyres, maten tilberedes og kokes over bål. Etter mye aktivitet og god mat, er det historiefortelling i lavvoen etter lunsj." www.denkulturelleskulesekken.no/agder/?produksjon=4707

Etter påskeferien byrjar alle på skulen att onsdag 20. april, før 5.-7. klasse reiser til Oslo og utdeling av **Bokslukerprisen** 21. april. God tur! Det blir både spanande og kjekt! 26. april får ungdomsskulen besøk av Agder energi med fokus på eltryggleik og energi, før friluftslivsgruppa stikk på overnattingstur til Kvinen. 28. april markerer me verdas bokdag med fokus på krim dei tre første timane. God lesing!

Med ynskje om ei retteleg flott påske!

Sinnes 01.03.22, Åse-Berit (rektor)

